

Tips oss på tlf. 56 35 55 55

sport



NM-VINNAR: Dei rundt 40 deltakarane på bridgekursen på Nordhordland folkehøgskule får innføring i det edle kortspel av ein meister. Sven-Olai Høyland er nemleg mangeårig norgesmeister, og leiar i bridgeforbundet si lærarutdanning. I full konsentrasjon; Sol Ingdal frå Oslo, Thomas Kvalvaag frå Haugesund, kurshaldar Sven-Olai Høyland, Lina Hove frå Klepp og Hanna Kjeldsen frå Porsgrunn.

Første stikk for 40 knektar

Aldri før har så mange ferske bridgeknektar vore samla rundt kortbordet. Det største bridgekursen på Vestlandet vart arrangert på Frekhaug denne veka.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

– For oss bridgeknektar er det jo ein draum å oppleve så mange ungdommar som vil lære seg kortspillet, seier Reidar Kjenen, ein av veteranane i Melandsknekten. Han hjelper til med gode tips når spelet runda dei mange borda er igang.

Det klart største

– Kurset er i særklasse det største på Vestlandet, seier kurshaldar Sven-Olai Høyland, opprinneleg frå Gulen, men busett i Bergen.

Det er elevar ved Nordhordland folkehøgskule som er med på kurset. Dei får si første innfø-

Største bridgekurs på Vestlandet

KORT FORTALD:

Bridge er eit kortspel for fire spelarar, der to og to spelar som par mot kvarandre (makker). I si enklaste form har bridge ein del til felles med "Amerikanar" og "Whist". Spelet består av to fasar; ein meldedel (auksjon) og speledelen.

ring i den edle kortkunst frå ein av dei fremste bridgespelarane i landet. Høyland er både mange gonger norgesmeister, og han leiar for Norsk Bridgdeforbund si instruktørutdanning.

Bridge har ein del fellestrekk med kortspela "amerikanar" og "whist", men er meir avansert enn det. I løpet av denne eine kvelden skal deltakarane få kjennskap til sentrale delar av spelet.

Appetitt-vekkar

– Det er ein appetittvekkar som gjer at dei får lyst til å spela meir, seier han. Sven-Olai Høyland er

opprinneleg frå Gulen, og har hevda seg heilt i landstoppen.

– Skikkeleg moro. Litt vanskeleg i førstninga kanskje, men det går betre etter kvart, seier Hanna Kjeldsen frå Porsgrunn. Ho sit ved same bord som Sol Ingdal frå Oslo, Thomas Kvalvaag frå Haugesund og Lina Hove frå Klepp.

Mykje nett-bridge

Det er stigande interesse for bridge-spelet på landsbasis. Det skuldast ikkje minst kursaktivitetet som forbundet står bak.

I fjor arrangerte Melandsknekten og Strileknekten (Knarvik) felles nybyrjarkurs som gjekk over ein god del kveldar.

– Litt av utfordringa er at mange unge heller spelar bridge på nettet enn å bli med i klubbane, seier Reidar Kjenen.

Han fortel at dei to klubbane har rundt 30 medlemmar kvar. På spelekveldane, i Melandsknekten tirsdag og Strileknekten onsdag, utgjør dei rundt 24 spelarar.



EIN DRAUM: Det er ein draum for oss veteranar å sjå så mange unge rekruttar som vil lære seg spelet, seier Reidar Kjenen i Melandsknekten.

–Vi har ein stabil gjeng i Melandsknekten og Strileknekten, men vi blir stadig eldre, seier

Kjenen, som er klar til å gje ferske bridgeknektar ei innføring i spelet.